

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	29.05.2024
Vår referanse	2024/24021-6
Dykkar referanse	201102292-59
Sakshandsamar	Bjørnar Tjoflot
E-post	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
Telefon	99100814

Høyringsuttale til planendringssøknad for Tysso kraftverk i Ulvik herad

Oppsummert administrativt innspel frå Vestland fylkeskommune

Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i Regional plan for fornybar energi 2023-2035, Regional plan for klima 2022-2035 og Regional plan for vassforvalting for Vestland vassregion 2022-2027.

I samband med høyring av konsesjonssøknaden sette vi krav om arkeologisk registrering i høve til § 9 i kulturminnelova om tiltakshavar si undersøkingsplikt. Vi gjer merksam på at denne undersøkingsplikta enno ikkje er oppfylt, og vi må difor ta atterhald om eventuelle nye funn av automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen vurderer at det er fullt mogeleg å ta omsyn til heradet sine ynskjer om å utvikle området, samtidig som viktige kulturminne vert ivaretatt. I utviklinga kan løysingar som ser samanhengar mellom infrastruktur, friluftsliv og kulturminne styrke bygda Ulvik sin identitet.

Vestland fylkeskommune rår til at det gjerast ein ny vurdering av moglegheiter for bevaring av kraftstasjonen i Ulvik. Dersom bygget/ deler av bygget må rivas for å få inn turbin og generator, må kraftverket gjenoppbyggast etter antikvariske prinsipp.

Bakgrunn

NVE har sendt planendringssøknad for Tysso kraftverk i Ulvik herad på høyring. Tysso kraftverk AS har sendt detaljplanen til NVE for vurdering. Konsesjonen til kraftverket vart gjeve i 2021. Teknologiske framsteg og nærare informasjon om aggregatstørrelsar gjer at utbyggjar har vurdert nye løysingar med omsyn til rørgate og turbin.

Skildring av endringane

Søknaden gjeld følgjande planendringar:

- Nedre del av vassvegen vert utført som sjakt i fjell.
- Eksisterande kraftstasjonsbygg for Ulvik I kraftverk vert riven og erstatta med eit mindre bygg for å gje tilkomst til sjaktarbeidet.
- Tal og type turbin vert bestemt av utbyggjar, i samråd med leverandør. Største og minste slukeevne vert uendra.
- Eksisterande rørgate under fylkesveg 572 og dei gamle murane ved Elvatun ungdomshus står att for å ivareta miljøet kring kulturminnet.

Vår vurdering

Regional plan for fornybar energi 2023-2035, for Vestland, er nyleg vedteke og legg føringar for korleis kraftsystemet i Vestland skal utviklast. Vi legg til grunn at søkjar og energimynde har set seg inn i planen.

Hovudmålet i Regional plan for fornybar energi 2023-2035 (fornybarplanen) er at vi har energioverskot frå fornybare energikjelder og ei robust kraftforsyning som bidreg til grøn verdiskaping. Vidare seiar delmål 1 at vi har produksjon og distribusjon av kraft frå fornybare energikjelder som tek omsyn til miljø, naturmangfald, friluftslivsområder og landskaps og kulturverdiar.


Automatisk freda kulturminne

Reguleringsendringa har ingen nye moment som vedkjem arkeologiske/automatisk freda kulturminne, ut over det som blei omtala i fylkeskommunen si fråsegn datert 01.09.2015 i samband med høyringa av konsesjonssøknaden. I denne høyringsfråsegna sette vi krav om arkeologisk registrering i høve til § 9 i kulturminnelova om tiltakshavar si undersøkingsplikt. Regional kulturminnemynde gjer merksam på at denne undersøkingsplikta enno ikkje er oppfylt, og vi må difor ta atterhald om eventuelle nye funn av automatisk freda kulturminne. Om tiltak kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, må enten planane justerast eller tiltaket søkjast dispensert etter § 8.1 i kulturminnelova.

Nyare tids kulturminne

I dokumentet «Tysso kraftverk – Planendringssøknad» står det at teknologiske framsteg og nærare informasjon om aggregatstørrelsar gjer at utbyggjar har vurdert nye løysingar med omsyn til røyrgate og turbin. Vassvegløysinga som vert funnen mest fordelaktig vil medføre riving av eksisterande kraftstasjon då bygningsmassen byr på utfordringar med omsyn til å få inn turbin og generator. Utbygginga kan ikkje gjennomførast utan at både den eldste delen av bygget, mot nord, og påbygget i sør, vert rivne. Vidare står det at det vert lite bedrift- og samfunnsøkonomisk å føre bygget opp igjen. Bygget vert erstatta med eit mindre bygg.

I samandraget for søknaden står det: «Trass rivinga av kraftstasjonsbygget vert planendringane samla sett vurdert å ha mindre negative konsekvensar for kulturmiljø medan konsekvensar for landskapsbilete og friluftsliv vert vurdert å være betydeleg positive.»



Figur 2-10: Etter utviding på 50-talet står den øvre delen igjen som den einaste originale, med trekledning. Ny bygningsmasse har eit meir funksjonalistisk preg og er utført i betong. Hovuddelen er vorten både breiare og lengre, slik at kraftstasjonen har sprang i sideretning og beslaglegg større del av elveleiet. Elveleiet har lite kantvegetasjon.



Figur 2-14: Illustrasjonen syner eksempelvis utforming av eit nytt bygg med redusert størrelse og optimalisert plassering. Løysinga gjev rom for ny bruk av dei elvenære areala.

Figurar med figurtekst henta frå planendringssøknad

Det er i søknaden lagt ved bilete av dagens situasjon og eksempel på nytt bygg med redusert storleik. Her peikast det på at løysinga med nytt bygg gjev rom for ny bruk av dei elvenære areala.

Omsyn til landskap er vidare omtale slik i søknaden: «Riving av eksisterande bygningsmasse i sin heilheit opnar for andre mogelegheiter, som røyrgate i fjell, med sanering av dagens røyrgate i dagen samt betre gangtrasear og ei generell oppgradering av areala ved stasjonen, som gjer at dette alternativet samla sett vert vurdert som fordelaktig ut frå eit landskapsomsyn.»

Det visast i søknaden til at bygningen er gitt prioritet i kommunens kulturminneplan og fortel ein viktig del av kulturhistoria langs elva og at verdien er i stor grad knytt opp mot bygningen som ein del av det heilskaplege kulturmiljøet. Vidare står det; «Stasjonen er samstundes prega av fleir stilepokar og den eldste delen, som tidlegare var ein balansert del av eit heilskapleg bygg, vert no opplevd som eit noko tilfeldig tilbygg til den nyare delen.»

Under punkt 2.2.4 «Vurdering av kraftstasjonsbygget sett i lys av heradets planar» står det:

Løysinga vil ta omsyn til heradets ynskjer om å utvikle i området samtidig som viktige kulturminne vert ivarettatt.»

Vestland fylkeskommunen har i dialogen klart uttrykt at kraftstasjonen har stor kulturminneinteresse og er del av eit heilskapleg kulturmiljø. Fylkeskommunen har vore klar på at ein bør finne løysingar som tek vare på bygningen. Vi har og vist til at kommunen sjølv har prioritert kraftstasjonen i kulturmiljøplanen, Temaplan for kulturarv Kulturarvstrategi for Ulvik herad 2019- 29, vedteke i heradsstyremøte 12. juni 2019.



I planendringa står det at stasjonen er prega av fleir stilepokar og den eldste delen, som tidlegare var ein balansert del av eit heilskapleg bygg, no vert opplevd som eit noko tilfeldig tilbygg til den nyare delen. Fylkeskommunen vil her peike på at endringar og samanstilling av bygg frå ulike epokar, viser utviklingshistoria til kraftverket og slik har stor kulturhistorisk verdi.

Kulturmiljø og landskap

I kulturmiljøplanen for Ulvik står det under overskrifta Tysso følgjande: «På Brakanes, langs elva Tysso, har det vore stor aktivitet dei siste 2-300 åra. Området frå elveutmunninga ved Ulvikfjorden til øvre Tyssebrua omfattar fleire bygningar som syner handel, handtverk og industri frå perioden. Brakanes hotell, Skeie Sag, kraftverket og Skeie-mylno er døme på dette. I tillegg står ei smie (SEFRAK: 1233- 32 0106-021) og eit kvernhus (SEFRAK: 1233-0106-022) like ved elva, og området har stort potensiale for formidling om aktiviteten her.»

I samandraget for søknaden står det at trass rivinga av kraftstasjonsbygget vert planendringane samla sett vurdert å ha mindre negative konsekvensar for kulturmiljø medan konsekvensar for landskapsbilete og friluftsliv vert vurdert å være betydeleg positive. I søknaden står det òg at tiltaket samla sett vert vurdert som fordelaktig ut frå eit landskapsomsyn.

Vestland fylkeskommune forstår ikkje denne vurderinga. Fylkeskommunen vurderer at riving av kraftverket vil ha svært negative konsekvensar for kulturmiljøet i Ulvik. Kulturmiljøet er ein viktig del av landskapsbilete, og kraftverket sin plassering tett på elva Tysso syner den nære koplinga mellom bygg og landskap. Det er slik knytt store opplevings- og kunnskapsverdiar til dagens landskapsbilde og dei historieforteljande elementa i landskapet.

I søknaden står det at ein ny kraftstasjon vil styrke gangforbindelsen mot fjorden og knyta fjorden, fruktparken, og kulturminneparken saman med elva og dei flotte områda ved mølla. Videre står det at frigitt areal, med redusert fotavtrykk til ny kraftstasjon kan nyttast til å vise fram tekniske installasjonar og supplere den kulturhistoriske reisa ein har lagt til rette for, med god historisk dokumentering langs elva.

Vestland fylkeskommune vil her peike på at eksisterande kraftstasjon er eit hovudelement i den kulturhistoriske reisa langs elva og at bygningen i seg sjølv er eit historisk dokument. Tiltaket vil slik vi vurderer redusere den kulturhistoriske reisa og svekke den historiske dokumenteringa langs elva.

Konklusjon for nyare tids kulturminne

Fylkeskommunen vurderer at det er fullt mogeleg å ta omsyn til heradets ynskjer om å utvikle området, samtidig som viktige kulturminne vert ivaretatt. I utviklinga kan løysingar som ser samanhengar mellom infrastruktur, friluftsliv og kulturminne styrke bygda Ulvik sin identitet.

Vestland fylkeskommune rår til at det gjerast ein ny vurdering av moglegheiter for bevaring av kraftstasjonen i Ulvik. Dersom bygget/ deler av bygget må rivas for å få inn turbin og generator, må kraftverket gjenoppbyggast etter antikvariske prinsipp.

Vassmiljø og fisk

Vi har ingen avgjerande vassmiljøfaglege merknadar til planendringane.

Infrastruktur og veg

Vi har ingen merknadar til endringane i høve fylkesveg.

Med helsing

Sølve Dag Sundbø

seksjonsleiar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjøflot

rådgjevar

NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ULVIK HERAD	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
STATSFORVALTAREN I VESTLAND	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER